

## Skular og barnehagar i Lindås

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7260 - 15/331

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

07.01.2015

## Forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2015-2016

Opplæringslova §2-2 og forskrift til opplæringslova §1-6 gjev rammer for omfanget av opplæringa og dagleg skuletid. Forskrifta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar. Opplæringa skal strekkja seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl.08.00 eller slutta etter kl.15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd. I tillegg til elevane sine skuledagar kjem ei ramme på 6 planleggingsdagar for pedagogisk personale. Barnehagane og SFO skal setja av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet.

Vedtak om skule- og barnehagerute er delegert rådmannen. Vedteken skule- og barnehagerute for skuleåret 2015-2016 byggjer i hovudsak på skule- og barnehagerute for Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Skule- og barnehageruta dette året vert eit unntak samanlikna med tidlegare år. Da påska kjem veldig tidleg, er fire av fem vinterferiedagar flytta til veka etter påske i 2016. Dette vert gjort for å unngå oppstyking av gode læringsperiodar. Den vedtekne skuleruta for Bergen og Hordaland fylkeskommune er drøfta i styret for Nordhordland kursregion, og her er det semje om ei målsetting om også ei felles skule- og barnehagerute i regionen. Dette av omsyn til born, unge og foreldre/føresette som då lettare kan planleggja sine ferie- og fridagar.

### Forskrift for ferie- og fridagar for 2015-2016:

- Oppstart barnehageår - ikkje vedteken - skal på høyring og til politisk handsaming vår 2015
- Oppstart SFO (11 mndr) 1.august. Første dag 3.august.
- Skulestart for elevane 17.august 2015
- Haustferie veke 41
- Juleferie frå og med 22.desember til og med 1.januar
- Påskeferie veke 12
- Vinterferie veke 13
- Skuleslutt 17.juni 2016

### Stengde dagar i SFO og barnehagar (planleggingsdagar):

13. og 14.august, 6.november, 5.februar og 6.mai.

### Planleggingsdagar i skule:

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733  
56 37 50 00

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Alle grønne dagar kan nyttast til planlegging for personale i skule. Dagane kan nyttast til felles kompetanseheving på skulane, i kommunen og i regionen. Kommunane i Nordhordland Kursregion har 2 felles planleggingsdagar som kan nyttast til felles kurs/etterutdanning (6.november og 5.februar). Skulane avgjer sjølv etter lokale drøftingar, plassering av dei 4 andre planleggingsdagane.

#### **Særskild for skulane:**

##### **1. Flytting av elevfrie dagar**

Om ein skule ønskjer å flytta på ein eller fleire av dei felles elevfrie dagane, føreset det drøfting i dei lokale rådsorgana. Skulen må sjølv ta kostnadane og organisering av skuleskyss. Skulen søker rådmannen om endring.

Frist for søknad om flytting av elevfrie dagar: **1.juli 2015**

##### **2. Undervisning/aktivitet på kveldstid**

Skulen skal til vanleg ikkje ha obligatorisk undervisning/aktivitet på kveldstid jf. Forskrift til Opplæringslova §1-6. Vedtak i Levekårsutvalet 20.01.09 gjev rom for flytting av undervisningstid etter drøftingar i skulens rådsorgan. Rådmannen vil presisera at flyttinga av undervisningstid må vera grunngjeven i skulen sine planar. Krav til innhald og læringsmål frå læreplanen må vera tydeleg. Det må også vera krav om oppmøte og skyss må vera organisert. Flytting av undervisningstid innafør ramma av enkelttimar kan avgjerast lokalt av rektor etter drøfting i dei lokale rådsorgana.

##### **3. Sist dag før jul og sommar**

I Lindås kommune har det vore ein tradisjon at skulane siste dag før jul og sommar har slutta etter 4.time eller slik at det høver med samordning av skuleskyss. Avkorta dag før jul og sommar har vore ein kompensasjon for kveldsarrangement (ikkje obligatorisk undervisning) gjennom skuleåret.

Med helsing

Anne Wergeland  
fagsjef skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **1 vedlegg:**

- Framlegg til ferie og fridagar i skule og barnehage 2015-2016 (rekneark)

#### **Kopi:**

- Utdanningsforbundet i Lindås
- Fagforbundet i Lindås
- FM i Hordaland – Barnehage og opplæring
- SKYSS
- Nobina



**Mottakarar:**

Skular og barnehagar i Lindås